



HAREID KOMMUNE

Tilleggsinnkalling

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	31.08.2020
Tid:	Kl. 12:00

Gyldig forfall skal snarast meldast til servicetorg og politisk sekretariat på telefon 70 09 50 00 eller politikk@hareid.kommune.no, som kallar inn vara. Forfallet skal grunngjevast. Varamedlemer møter berre etter eiga innkalling.

Medlemmer som er inhabile i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenter er publiserte på www.hareid.kommune.no.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
RS 19/20	Hareid kommune - vedtak i klagesak - 66/39 - byggesak	19/1379
103/20	Orientering om tilbakeføringa av eigedomen Trudvang	19/4388
104/20	Høyring om endring av lov om flagging på kommunen sine offentlege bygningar	20/1917
105/20	Kommunepsykolog - Interkommunalt samarbeid om psykologteneste	19/1720
106/20	Politisk avklaring angående arealdisponering i strid med overordna kommuneplan - utviding av planområde på Brekkane	19/780
107/20	Månadsrapport juli 2020	20/1310
108/20	Resultat av rettsmekling	20/1680

Hareid, 27.08.2020

Bernt Brandal
ordfører



Vår referanse: 19/1379 20/8632
Saksbehandlar: Christer Adrian Mork
Dato: 19.08.2020

Saksnr.	Utval	Møtedato
RS 19/20	Formannskapet	31.08.2020

Hareid kommune - vedtak i klagesak - 66/39 - byggesak

Sjå vedlegg.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
103/20	Formannskapet	31.08.2020

Orientering om tilbakeføringa av eigedomen Trudvang

Samandrag:

Eigedomen Trudvang vart overført frå kommunen til den frivillige organisasjonen «Fantehuset» i 2010. Eigedomen er no ført attende til kommunen og denne saka inneheld ei orientering om prosessen.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tar orienteringa i denne saka til vitande.

Vedlegg:

Tilstandsrapport Fantehuset Hareidsvegen 100, 6060 HAREID
Forbod mot bruk
Signert avtale Trudvang

Saksopplysningar:

Eigedomen Trudvang vart overført frå kommunen til den frivillige organisasjonen «Fantehuset» i 2010. Eigedomen vart overført vederlagsfritt og på vilkår nedfelt i avtale dagsett 12.02.2010. Sentrale punkt i nemnte avtale var mellom anna at eigedomen ikkje skulle kunne nyttast til andre føremål enn kultur/ungdomsformål og at bygget skulle haldast vedlike på ein tilfredsstillande måte, jfr. §2 i avtalen. Vidare inneheldt avtalen eit punkt, jfr. §5, som skulle heimle ei tilbakeføring av eigedomen til kommunen, dersom den frivillige organisasjonen «Fantehuset» vart oppløyst, eller ikkje drifta i samsvar med § 2 i same avtale.

Ein har ikkje kunnskap som tilseier at huset vart nytta til andre føremål enn det avtalefesta, men det skal nemnast at lensmannen i Hareid og Ulstein sende ei bekymringsmelding i november 2018. Denne handla om at utleigeverksemnda hadde preg av privat/lukka arrangement med det som så ut som svært unge deltakarar og med utstrakt bruk av medbrakt alkohol, samt tendensar til valdsepisodar i nærleiken av sterkt trafikert veg.

Men om lag samstundes synte det seg at bygget ikkje hadde vorte halde vedlike på ein tilfredsstillande måte. Etter at kommunen fekk melding om at brannvesenet i Hareid og Ulstein hadde nedlagt bruksforbod 13.12.2018, eit bruksforbod som enno står ved lag, tok kommunen v/kommunalsjefen kontakt med representantar for styret i Fantehuset. Etter kvart fekk ein gjennomført eit møte og ei synfaring på Trudvang. Representantar for Fantehuset, kommunen og ein takstmann deltok under synfaringa, som fann stad 08.05.2019, under noko utfordrande tilhøve, då det synte seg at også straumforsyninga var stengt av.

Alle som har representert Fantehuset i denne saka har vore imøtekomande og når prosessen etter kvart synte seg å verte tidkrevjande, skal det nemnast at det ikkje skuldast vrang vilje frå nokon av partane, men snarare det at aktiviteten i foreninga har vore svært laber og at det til dels har vore vanskeleg å nå fram med skriftleg korrespondanse. I samband med dette skal det og nemnast at det tok svært lang tid før kommunen mottok vedlagte tilstandsrapport frå føretaket som hadde fått oppdraget med takseringa. Det er såleis fleire ulike årsaker til at saka tok lang tid.

Allereie under synfaringa vart det avdekka store vedlikehaldsbehov, ikkje minst grunna synlege taklekkasjar med følgjeskader. Som ein kan sjå av tilstandsrapporten vert dei økonomiske kostnadane ved ei eventuell rehabilitering omfattande

Partane vart samde om å føre eigedomen Trudvang tilbake til kommunen og denne prosessen vart ferdigstilt då det tinglyste skøytet kunne journalførast i kommunen sitt arkiv 14.07.2020

Vurdering og konklusjon:

På bakgrunn eigedomen sin bygningsmessige status, vurderer rådmannen det som mest tenleg å rive bygget så snart som muleg. Dette både fordi ein ser det som lite aktuelt å rehabiliterer bygget grunna omfattande kostnader og fordi bygget, med dei

føreliggande og store manglane, representerer ein potensiell fare i seg sjølv.

Likestillingsmessige sider ved saka:
Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa:
Ingen kjende

Miljøkonsekvensar:
Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:
Rivingskostnader, ikkje kartlagte. Kostnadane vert forsøkt dekte innanfor den ordinære driftsramma.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge:
Ingen kjende

Kai-Rune Bjørke
kommunalsjef

Bent Arild Grytten
rådgjevar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
104/20	Formannskapet	31.08.2020

Høyring om endring av lov om flagging på kommunen sine offentlege bygningar

Samandrag:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har ute på høyring eit forslag om endring i lov om flagging på kommunen sine offentlege bygningar. Departementet foreslår at kommunane i større grad sjølv skal kunne avgjere kva flagg kommunen skal kunne flagge frå sine bygningar.

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommune sitt innspel til Kommunal- og moderniseringsdepartementet si høyring er alternativ D.

Vedlegg:

Høyring av forslag om endring av lov om flagging på kommunale offentlege bygg

Høringsnotat 03.07.2020(1226444)

Høyring av forslag om endring av lov om flagging på kommun(1226463)

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for forslaget er at Departementet vurderer at kommunane i større grad skal kunne bestemme kva flagg kommunen skal kunne flagge med frå bygningane sine. Det er fleire eksempel på at kommunar ynskjer å flagge med andre flagg. Til dømes ynskjer mange kommunar å feire pride ved å flagge regnbogeflagget eller å flagge med FN-flagget i høve FN-dagen. Utbrotet av Covid-19 syner også at det kan oppstå situasjonar der det ikkje er mogleg å halde arrangement i høve merkedagar der det kan vere ynskjeleg å flagge med andre flagg. Unntaksregelen i lova om av at flagget må brukast i samband med eit arrangement kan verke avgrensa og vere ei lite fleksibel ordning.

Departementet foreslår difor at lov om flagging frå kommunen sine offentlege bygningar endrast, slik at kompetanse til å avgjere bruk av flagg i større grad leggst til kommunen sjølv. Departementet sender difor på høyring fleire alternativ på korleis lova kan endrast, og ber om innspel på desse alternativa:

Alternativ A

Kommunenes adgang til å benytte andre flagg enn det norske flagget, det samiske flagget, kommuneflagget eller fylkesflagget utvides slik at andre flagg kan brukes i forbindelse med *arrangement, markering eller merkedag av allmenn interesse*.

Vilkåret om at arrangementet må ha tilknytning til bygget det flagges fra tas bort.

Alternativ B

Bestemmelsene i lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger oppheves med unntak av hjemmelen for å kunne gi forskrift om bruk av andre lands flagg fra kommunal bygning.

Alternativ C

Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger oppheves i sin helhet.

Alternativ D

Videreføring av gjeldende lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger utan endringer.

Vurdering og konklusjon:

Alternativa A, B og C gjev kommunane stor fridom til å lage egne flaggreglement. Dette kan vere ein fordel i visse høve og vi skjønner tanken om at kommunane skal kunne bestemme flaggreglementet sjølv. Likevel er fordelane med å endre lova mindre enn å behalde lova slik den er i dag. Rådmannen meiner at å endre lova vil medføre meir administrasjon og kostnader. Ein må lage nye reglement og regulering av dette. Endra flaggbruk kan også skape press og motsetningar i befolkninga som ein ikkje ynskjer.

Rådmannen konkluderer med at alternativ D, med vidareføring av gjeldande lov om flagging på kommunen sine bygningar er det beste alternativet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje relevant

Konsekvensar for folkehelsa: Ikkje relevant

Miljøkonsekvensar: Ikkje relevant

Økonomiske konsekvensar: *Dette må omtalast særskilt. Informasjon om korleis tiltaket skal finansierast. Dersom det vert rådd til å ta opp meir lån skal ein oppgi i kroner kva utslag dette vil få for belastning på drifta.*

Beredskapsmessige konsekvensar: Ikkje relevant

Konsekvensar for barn og unge: Ikkje relevant

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

Pergunn Rødseth Gjerdsbakk
Leiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
105/20	Formannskapet	31.08.2020
	Kommunestyret	

Kommunepsykolog - Interkommunalt samarbeid om psykologteneste

Rådmannen si tilråding:

Hareid kommune inngår kommunesamarbeid med Ulstein, Sande og Vanylven om psykologteneste. Ulstein er vertskommune, tenesta vert lokalisert i Ulstein. Ordninga trer i kraft så raskt som mogleg.

Ordførar får mynde til å signere kommuneavtalen med dei andre kommunane etter den malen som ligg ved. Ordførar får mynde til å gjere mindre endringar i avtalen.

Vedlegg:

Vertskommuneavtale - psykolog (L)(867)

Saksopplysningar:

Bakgrunnen for saka er eit lovkrav om at alle kommunar skal ha tilsett psykolog frå og med 01.01.2020. Helsedirektoratet gir tilskot for etablering av kommunepsykolog. Hareid kommune har søkt og fått eit eingongstilskot på 400 000 kroner.

Det er tilført lønnsmidlar til stillinga frå 2020.

I KST-86/19 «Oppretting av stilling som kommunepsykolog – Interkommunalt samarbeid om psykologteneste» var tilrådinga frå rådmannen å inngå kommunalt samarbeid med Ulstein, Sande og Vanylven om psykologteneste. Ulstein som vertskommune, tenesta vert lokalisert i Ulstein. Ordninga trer i kraft frå 01.01.2020. Ordførar får mynde til å signere kommune-avtalen med dei andre kommunane etter den malen som ligg ved. Ordførar får mynde til å gjere mindre endringar i avtalen.

Kommunestyret oppretta stilling som kommunepsykolog i KST- 86/19 med følgjande vedtak:

«Hareid kommune skal sjølv søkje etter kommunepsykolog. Lokalisering for Kontoret blir i Hareid Helsehus. Stillinga blir lagt under Koordinerande eining i kommunen».

I saksopplysning frå KST- 86/19 framkomme følgjande:

«I søknaden om midlar på tilskot frå Helsedirektoratet legg Hareid kommune vekt på

at psykologstillinga skal brukast slik:

- System og samfunnsretta arbeid: 15%*
- Rettleiing og fagstøtte til personell/teneste i kommunen: 20%*
- Helsefremjande og førebyggjande arbeid: 30%*
- Lågterskel behandling- og oppfølgingstilbod: 35%*

Systemarbeid vil gå til planlegging og utvikling av nye tiltak. Fagleg støtte til tilsette; særleg i tenesta for psykisk helse, rus, helsestasjon og menneske med demens. Helsefremmande og førebyggjande arbeid både på individnivå og i tverrfaglege team, men også på systemnivå med undervisning og planarbeid.

Lågterskelbehandling til brukarar som treng tidsavgrensa intervensjonar.

Ulstein kommune har invitert Hareid, Vanylven og Sande til eit interkommunalt samarbeid om kommunepsykologtenesta. Rekrutteringa har ikkje lykkast i dei andre kommunane. Hareid kommune vil og ha utfordring med å rekruttere til stilling som kommunepsykolog. Eit kommunalt samarbeid vil være formålstenleg for tenesteutvikling og fagkompetanse.

For å gjere psykologtilbodet godt og stabilt, ønskjer ein å etablere eit interkommunalt samarbeid med 2 x 100% psykologstillingar samlokalisert med Ulstein psykologsenter. Eit sterkt fagmiljø vil kunne vere attraktivt ved rekruttering

av psykologar.

Hareid kommune vurderer at den interkommunale psykologtenesta må ha tilgjengeleg kontor i Hareid der psykologen kan ta konsultasjonar.

Det føreligg utkast til vertskommuneavtale.

Forsøk med å rekruttere psykolog til kommunane på Søre Sunnmøre har vore svært vanskeleg. Frå 01.01.2020 er stilling som kommunepsykolog lovpålagt.

Hareid kommune har ikkje søkt midlar eller lyst ut stilling som kommunepsykolog då ein så langt ikkje har funne budjettmessig dekning for dette. Ein er no der at tenesta er lovpålagt. Rådmannen vurderer tiltaket som positivt inn mot behovet for å styrke det førebyggjande arbeidet i kommunen. Det vil verte ein pukkeleffekt med auka utgifter i starten, og gevinsten vil vere sparte utgifter for kommunen på sikt. I tillegg kjem gevinsten med auka livskvalitet for den enkelte.

Det vil være svært vanskeleg å rekruttere og stabilisere til stilling som kommunepsykolog i Hareid kommune. Å etablere eit interkommunalt samarbeid med eit større fagmiljø vil kunne vere meir attraktivt ved rekruttering. Det vil også gjere tenesta mindre sårbar ved fråvær. Det føreligg utkast til vertskommuneavtale, den kan redigerast etter behov og ønskje frå samarbeidskommunane. Stillingane er utlyst med atterhald om politisk godkjenning, og der er kvalifiserte søkjarar.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Det er von om at psykologtilbod vil kunne vere ein styrke i arbeidet med å gi innbyggjarane likestilte tenester uavhengig av kjønn, funksjonsnivå, seksuell orientering og kulturell bakgrunn.

Konsekvensar for folkehelsa:

Styrking av folkehelsa er noko av grunnlaget for å tilsette psykolog i kommunane. Psykolog vil kunne bidra både i direkte konsultasjonar og som bidragsytar i tverrsektorielt samarbeid. **Miljøkonsekvensar:**

Økonomiske konsekvensar:

Mogleg totalkostnad for to psykologar, husleige, utstyr og administrasjon, vil truleg kunne ligge på om lag 2,5 mill. I utkast til vertskommuneavtale er det lagt til grunn at kostnadane vert fordelt etter folketal.

Beredskapsmessige konsekvensar: Psykolog vil kunne vere ein fagleg og praktisk styrke ved krisehandtering.

Konsekvensar for barn og unge:

Barn og unge er ei av målgruppene for denne satsinga. Søknad på tilskott frå Hareid kommune vektlegg og psykisk helse, rus og demens. Tilbodet vil i stor grad rette seg mot desse gruppa.

Vedlegg:

1. Pressemelding frå Statsministerens kontor:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/lovfester-krav-til-kompetanse-i-kommunene/id2503122/>

2. Samarbeidsavtale – kommunepsykolog i Vanylven, Sande, Hareid og Ulstein.

Vurdering og konklusjon:

Hareid kommune har ikkje lykkast i å rekruttere/tilsette kommunepsykolog. Stillinga har vore lyst ledig tre gonger. Det har vore søkjarar og interesse for stillinga, men

ingen kvalifiserte søkjarar. Det er stor etterspørsel etter psykolog/ psykologspesialist i kommune- og i spesialisthelsetenesta i Møre og Romsdal og fleire stillingar står vakante. Hareid kommune er dermed på ein krevjande rekrutteringsarena og det har vist seg svært vanskelig å få tilsett kommunepsykolog. Vilkår som ofte framkome i rekrutteringa er løn og kollegialt fagmiljø.

Det tverrsektorelle arbeidet i Hareid kommune manglar psykologteneste. Mangel på psykolog har vore særlig merkbart i tida med covid-19 pandemien. Dei beredskapsmessige konsekvensane er vanskeleg å konkretisere, men mangel på psykolog har vore merkbart i denne tida der helseførebyggjande arbeid (folkehelsa) og kontinuitetsplanelegging (smittevern) har vore særskilt viktig.

Det er no etablert eit interkommunalt samarbeid om psykologteneste mellom kommunane Sande, Vanylven og Ulstein. Tilbakemeldingane er udelt positive.

Hareid kommune er velkommen til å delta i samarbeidet.

Det tverrfaglege fagmiljø (tverrsektorelt) er tydeleg på at kompetanse manglar, difor må ein så raskt som råd sjå på bærekraftige løysningar. Det er tre løysingar: 1) Rekruttering til vakant stilling i Hareid kommune. 2) Kjøpe tenester frå anna verksemd 3) Søkje interkommunal løysning.

Rådmannen ynskjer på nytt å fremje for kommunestyret at Hareid inngår i eit samarbeid om eit interkommunalt psykologsenter for kommunane Hareid, Sande, Vanylven og Ulstein. Eit sterkt fagleg miljø vil kunne vere attraktivt ved rekruttering av psykologar og vil kunne gi samarbeidskommunane høve til stabil og god kompetanse.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Det er von om at psykologtilbod vil kunne vere ein styrke i arbeidet med å gi innbyggjarane likestilte tenester uavhengig av kjønn, funksjonsnivå, seksuell orientering og kulturell bakgrunn.

Konsekvensar for folkehelsa:

Sjå vurdering og konklusjon/samandrag.

Styrking av folkehelsa er noko av grunnlaget for å tilsette psykolog i kommunane. Psykolog vil kunne bidra både i direkte konsultasjonar og som bidragsytar i tverrsektorielt samarbeid.

Miljøkonsekvensar:

Ingen merknad

Økonomiske konsekvensar:

Mogleg totalkostnad for to psykologar, husleige, utstyr og administrasjon, vil truleg kunne ligge på om lag 2,5 mill. I utkast til vertskommuneavtale er det lagt til grunn at kostnadane vert fordelt etter folketal.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Sjå vurdering og konklusjon/samandrag.

Psykolog vil kunne vere ein fagleg og praktisk styrke ved krisehandtering.

Konsekvensar for barn og unge:

Barn og unge er ei av målgruppene for denne satsinga. Søknad på tilskott frå Hareid kommune vektlegg og psykisk helse, rus og demens. Tilbodet vil i stor grad rette seg mot desse gruppa.

Kariann Bigseth
Fungerande Rådmann

Nils-Arne Skagøy
Kommunalsjef sektor velferd



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
106/20	Formannskapet	31.08.2020

Politisk avklaring angående arealdisponering i strid med overordna kommuneplan - utviding av planområde på Brekkane

Samandrag:

Detaljregulering for Brekkane, planID 20180002, hadde oppstartsmøte i desember 2018. Oppstart av planarbeidet var varsla i midten av januar 2019. I løpet av høyringsperioda vart det avholdt eit møte mellom kommunen, Trelast AS (no Hadarhus AS) og nabo og grunneigar Per Dimmen. I møtet vart det einigheit om å utvide planavgrensinga. Området som vart omfatta av utvidinga var i kommuneplanens arealdel satt av til arealførmålet offentleg og privat tenesteyting. Det utløyste behov for politisk avklaring om kor vidt det var ønskeleg å endre arealførmålet frå offentleg og privat tenesteyting til bustad. Saka vart handsama av Hareid formannskap 06.05.2019. Formannskapet godtok utvidinga av planområdet, med føresetnad ved utvidinga av planavgrensinga at 15 daa vart avsatt til offentleg tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). I slutten av mai 2019 vart det varsla om utvida oppstart. I august 2020 kom eit nytt ønske om utviding. Dette omhandla utviding av bustadførmålet innanfor eksisterande planområde. Sjølve planområdet skal ikkje utvidast. Området som er ønskja utvida til bustadføremål er i kommuneplanens arealdel sett av til offentleg og privat tenesteyting, tiltenkt framtidig skuleutbygging, barnehage og omsorgsbustadar. Det er derfor behov for ei politisk avklaring om kor vidt det er ønskeleg å endre arealet frå offentleg og privat tenesteyting til bustadføremål.


Rådmannen

si

tilråding:


Hareid formannskap aksepterar forslagsstillars ønske om å endre arealførmålet frå offentleg og privat tenesteyting, som det er sett av til i kommuneplanens arealdel, til bustadføremål.

Saksopplysningar:



Illustrasjon 1 Planen viser korleis utbygginga er tenkt, samt kva område forslagsstillar ser for seg blir omgjort til bustad.

Illustrasjonsplanen syner korleis forslagsstillar ser for seg at området markert med 1 og 2 vert omgjort til BSF (frå offentleg og privat tenesteyting til bustadformål). Område markert med 1 er tiltenkt barnehageføremål (ca 5 da) og omsorgsbustadar (ca. 5 da), medan område markert med 2 er tiltenkt utviding av skulen (ca. 2 da). Endring i arealføremålet innanfor planområdet er ønskeleg for forslagsstillar då det er mogleg å få fleire bustadar til å dekke infrastrukturen som skal etablerast.



Illustrasjon 2 Kommunepanens arealdel og planavgrensing for Brekkane

detaljregulering.

Illustrasjonsplanen syner planområde i høve til kommuneplanens arealdel. Område T1 vil verte heilt borte ved ei utviding til bustadføremål slik forslagsstiller ønskjer.

Vurdering og konklusjon:

Dersom ein skal få til ei utviding innanfor planområdet til bustadføremål forsvinn området som i dag er satt av til offentleg og privat tenesteyting. Området som er tiltenkt utviding av skule (området merka som 2 på illustrasjon 1) vert forminska med 2 daa. I dag er det sett av 30 da. Dersom endringa av arealførmålet vert gjennomført vert det 28 da igjen til skuleføremål. Dei vurderingane som tidlegare er gjennomført viser til at 30 da er dimensjonert for å kunne bygge bygningsmasse og uteområde til samtlege grunnskuleelevar (1.- 10. klasse) i heile Hareid kommune, med forventa befolkningsvekst dei neste 40 åra. Det er da eit spørsmål om ein kan avsjå 2 da, slik at det vert 28 da og ikkje 30 da til utviding av skulen. Rådmannen sin vurdering er at det skal gå fint med 2 da mindre, då areal til skuleutbygginga var avsatt med god margin.

Området markert som 1 på illustrasjon 1 er tiltenkt barnehage og omsorgsbustadar. Dette er det einaste området i Hareid kommune som er avsatt til framtidig barnehage. Forsvinn dette arealet må ein truleg finne andre areal i kommunen der ein kan bygge barnehage. Det er ikkje utarbeidd analyse eller vurderingar for behovet for nye barnehage eller omsorgsbustadar. Ein må då vurdere eventuelle nye områder i kommunen dersom dette området på Brekkane verte omgjort til bustadar. Lokalisering som er føremålsteneleg med etablering av barnehage og omsorgsbustadar er derfor eit viktig tema i denne vurderinga, og er noko kommunen bør ta stilling til i planprosessen knytt til kommuneplanens arealdel.

Med bakgrunn i at utviding av skulen antakleg vil gå fint, dersom 2 da vert omgjort til bustad og at det ikkje er gjort vurderingar av behovet for barnehage og omsorgsbustadar i kommunen rår difor rådmannen Hareid formannskap til å godta omgjeringa av arealførmålet. Det vil gi prosjektet betre økonomi, då det vert etablert fleire bustadtomter som vil vere med å dekke infrastrukturen.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Vert avklara i plan.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjedne

Økonomiske konsekvensar: Ein må truleg finne anna erstatningsareal for offentleg tenesteyting. Arealet som ein no frigir er ikkje i kommunens eige per i dag, det er difor ikkje sikkert at det likevel utgjer nokon økonomisk konsekvens.

Beredskapsmessige konsekvensar: Vert avklara i plan

Konsekvensar for barn og unge: Vert avklara i plan

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

Kai-Rune Bjørke
Kommunalsjef



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
107/20	Formannskapet	31.08.2020

Månadsrapport juli 2020

Samandrag:

Rapporten viser at kommunen ligg ann til å få eit betydeleg meirforbruk i forhold til budsjettet i 2020. Rapporten inneheld utfyllande informasjon om kommunen sin økonomiske situasjon og sektorvise avvik mot budsjettet.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet tek månadsrapporten for juli 2020 til vitande.

Vedlegg:

2020 Månadsrapport juli

Saksopplysningar:

Vi viser til vedlagte månadsrapport for juli.

Vurdering og konklusjon:

Vi viser til vedlagte månadsrapport for juli.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: *Dette er omtala i rapporten.*

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Kariann Bigseth
Fungerande rådmann

Bjørnar Haddal
Økonomileiar



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
108/20	Formannskapet	31.08.2020

Resultat av rettsmekling

Tilråding

Formannskapet tar resultatet og orienteringa til vitande.

Assisterande rådmann Kariann Bigseth orienterer. Møtet må lukkast etter kommunelova paragraf 11-5 andre ledd.